



## Personvernerklæring

Samnanger bibliotek er oppteken av å verne personopplysingane dine. Difor handsamar me dei i samsvar med den gjeldande personopplysinglova. Denne personvernerklæringa skildrar kva for personopplysingar som vert registrert når du er lånar hjå oss, nyttar Meg & Mitt og vitjar denne nettsida (seinare omtalt samla som «tenestene våre»). Me oppmodar deg til å lese grundig gjennom denne personvernerklæringa.

### Behandlingsansvarleg

Samnanger bibliotek ved biblioteksjef er ansvarleg for handsaming av personopplysingar i samband med tenestene våre. Dersom du har spørsmål eller kommentarar til personvernerklæringa eller rettane dine etter personopplysinglova, kan du kontakte oss på [bibliotek@samnanger.kommune.no](mailto:bibliotek@samnanger.kommune.no).

### Korleis me nyttar personopplysningane dine

Med personopplysningar meiner me opplysningar som kan knyttast til deg som enkeltperson.

### Kor lenge lagrar me personopplysingar?

Avhengig av kva som er det rettslege grunnlaget for handsaming av personopplysingane dine, vil dei verta lagra til du seier opp lâneavtalen, eller trekker tilbake eit samtykke.

Me ynskjer å slette opplysningar for lånarar som er inaktive i ein lengre periode. Per i dag kan me ikkje sjå om lânekortet har vore nytta til innlogging i digitale tenester, og me kan difor ikkje vurdere om ei lâneavtale er «aktiv». Når det kjem på plass ein funksjonalitet som gjer at me kan sjå dette, vil me definere kor lang tid personopplysingane skal lagrast etter at ei lâneavtale har vore i bruk.

Personopplysingar knytt til faktura og betaling vert lagra i 10 år, fordi dette er eit krav som fylgjer av rekneskapslovgjevinga.

Me deler ikkje personopplysingane dine med andre, med mindre dette vert sagt uttrykkeleg.

### Opplysingar du gjev oss

Biblioteket handsamar personopplysingar du sjølv gjev oss. Det rettslege grunnlaget for slik handsaming er lâneavtalen (GDPR artikkel 6 nr 1b – «behandlinga er nødvendig for å oppfylle en avtale som den registrerte er part i»).

For å låne bøker og andre medium, eller nytte mange av dei andre av tenestene våre, må du ha eit lânekort. Du får eit slikt kort når me registrerer deg som lånar. Dersom du har nasjonalt lânekort frå eit anna bibliotek, kan me knyte det til biblioteket vårt. Du treng ikkje meir enn eitt nasjonalt lânekort. Dei same opplysingane vert handsama anten me registrerer deg som ny lånar, eller knyter eit lânekort du allereie har til biblioteket vårt.

Når me registrerer deg som lånar, vil me samle inn og lagre opplysingane dine om fornamn, etternavn, kontaktinformasjon (adresse, e-post og telefonnummer), fødselsdato og fødselsnummer



(berre ved registrering av Nasjonalt lånekort) /ID-nummer og heimebibliotek (det biblioteket du nyttar mest).

Namnet ditt og kontaktinformasjonen treng me for å administrere lån, og dermed oppfylle avtalen me har med deg. Fødselsdatoen treng me fordi den bestemmer kva du kan låne av oss og kva for rettar du har. Vidare samlar me inn fødselsnummer/ID-nummer for å kunne kople deg til nasjonalt lånerregister ([Felles lånekort \(lanekortet.no\)](#)). Fødselsnummeret er naudsynt for eintydig identifikasjon av personar. Du kan reservere deg mot å oppgje heile fødselsnummeret ditt, men då kan du berre få lokalt lånekort. Dette lånekortet gjeld berre i vårt bibliotek.

### Nasjonalt lånarregister

Dette er ein nasjonal database med personopplysingar om bibliotekbrukarar. For at ein skal kunne bruke nasjonale lånekort, vert lånarane registrerte i ein felles database. I denne databasen vert det lagra informasjon om:

- Lånarnummer
- Fødselsdato
- Kjønn
- Kryptert fødselsnummer
- Namn
- Inntil to postadresser
- Telefonnummer
- E-postadresse
- Føretrekt kontaktmetode: brev, e-post eller SMS
- Heimebibliotek: det biblioteket du bruker mest
- PIN-kode for sjølvbeteningsautomatar og biblioteka sine web-løysinger
- Opplysingar om kva for bibliotek lånanen er knytt til

Det vert ikkje lagra opplysingar om utlån, reserveringar eller andre tilhøve mellom lånanen og det enkelte biblioteket i denne basen. Ingen av opplysingane i Nasjonalt lånarregister er sensitive etter personopplysingslova.

I Nasjonalt lånarregister er det lagt vekt på å fylgja reglane for handsaming av personopplysingar:

- Adresseopplysingane dine vert ikkje selde eller gitt vidare til andre.
- All kommunikasjon mellom det enkelte biblioteket og det nasjonale lånarregisteret er kryptert og beskytta av brukarnamn og passord.
- Opplysingane vert oppbevart til lånanen krev dei fjerna, eller eit av biblioteka lånanen er knytt til får melding om dødsfall.
- Nasjonalbiblioteket ([Personvernerklæring | Nasjonalbiblioteket \(nb.no\)](#)) er behandlingsansvarleg for opplysingane i nasjonalt lånarregister.
- Du kan sjå kva for opplysingar som er lagra om deg ved å logge deg inn på <https://nb.bib.no/> ([Startside - Nasjonalbiblioteket Nasjonalt lånekort](#)) med lånarnummer og pinkode/passord eller med bankID e.l.
- Du kan krevje opplysingane endra eller sletta i alle biblioteka der du nyttar kortet.



## **Meirope bibliotek**

- Når du nyttar lånekortet ditt for å få tilgang til biblioteket utanom betent opningstid, vert namn, bilet og lånarnummer lagra. Dette er naudsynt for å identifisere og godkjenne lånarane.
- Kameraovervaking er ein del av tilgangskontrollen. Du vert fotografert i det du loggar på og går inn i biblioteket. Det vert teke videoopptak av aktivitetar i dei meiropne biblioteklokala.
- Føremålet med tilgangskontrollen er å sikre verdiar og personar som nyttar biblioteket i det tidsrommet det ikkje er personale til stades. Det rettslege grunnlaget for slik kontroll er å ivareta legitime interesser, jf. GDPR artikkel 6 nr 1f. Opptaka frå tilgangsloggen og overvakingskamera vert sletta automatisk etter sju dagar. Dersom det skjer ei uønska hending, kan ein overstyre den automatiske slettinga av video-opptaka, og filmen vil bli lagra i påvente av etterforsking.

## **Lånehistorikk**

Standard-innstillinger i biblioteksystemet er at opplysingar om kva du låner vert sletta når du leverer tilbake lånet, eller betaler erstatning for materiale som er tapt eller skada medan du har disponert det. Du kan gå inn i innstillingane og slå på (og av) lagring av lånehistorikk.

Lagring av lånehistorikk inneber at systemet lagrar informasjon om låna dine. Informasjonen inkluderer informasjon om materialet som vert lånt, dato og klokkeslett for utlån og innlevering og kva for bibliotek/filial materialet vert lånt eller levert tilbake ved. Du kan logge deg inn på "Mine sider" og velge at systemet skal hugse lånehistorikken din. Eit slikt aktivt val er å rekne som samtykke. Dersom du seinare ombestemmer deg og vel bort lagring av lånehistorikk, slettar du heile lånehistorikken.

Utlånssystemet for e-bøker (BookBites) lagrar lånehistorikken din.

## **Informasjonskapslar/cookies**

Det rettslege grunnlaget for bruk av informasjonskapslar er GDPR artikkel 6 nr 1f, som tillet handsaming av opplysingar som er naudsynte for å ta i vare ei rettkommen interesse, som veg tyngre enn omsynet til personvernet for den enkelte. Interessa er å forbetre tenestene våre.

## **Nettstaden**

Me nyttar informasjonskapslar på nettstaden vår. Føremålet er å gjere brukaropplevinga betre for deg og gje oss høve til å forbetre tenestene våre. Informasjonskapslane lagrar mellom anna informasjon du legg inn og vil at nettsida skal hugse (t.d. brukarnamn, passord), slik at du slepp å skrive det inn kvar gong du vitjar nettstaden.

Informasjonskapslar er små tekstfiler som vert plasserte på datamaskina di når du vitjar ei nettside. Informasjonen som vert lagra kan ikkje identifisere deg som person.



Det er frivillig for deg som nyttar nettstaden å oppgi personopplysingar i samband med tenester, til dømes å motta nyheitsbrev eller å sende inn skjema. Behandlingsgrunnlaget er i slike høve samtykke frå deg. (GDPR artikkel 6 nr 1a) – «den registrerte har samtykket til behandling av sine personopplysninger for ett eller flere spesifikke formål»)

Dersom du vitjar denne nettstaden, så samlar me likevel inn av-identifiserte opplysingar om besøket gjennom verktøyet Google Analytics og Piwik. Av-identifisering inneber at ingen kan nytte opplysingane til å identifisere enkeltpersonar. Døme på kva statistikken gir svar på, er kor mange som nyttar ulike sider på nettstaden, kor lenge besøket varar, kva for nettstadar brukarane kjem frå og kva for nettlesarar som vert nytta.

Opplysingane vert handsama i av-identifisert og aggregert form. Vi samlar inn heile IP-adressa, men berre dei tre første gruppene i adressa vert brukte til å generere statistikk. Dersom IP-adressa består av nummera 195.159.103.82, vert berre 195.159.103.xx brukt. I tillegg vert IP-adressene behandla på aggregert nivå. Det vil seie at alle data vert slått saman til éi gruppe, og ikkje behandla individuelt.

Informasjonen som vert generert av ein informasjonskapsel ved bruk av nettstaden, vert sendt til Google og lagra på serverar i USA. Opplysingane er underlagt Google sine retningsliner ([Personvernregler – Personvern og vilkår – Google](#)). Sider og artiklar på denne nettstaden kan ha innebygd innhald (t.d. videoar, biletar, deling i sosiale medium) frå andre nettstader. Slikt innhald vil fungere som om du var på den andre nettstaden. Desse andre nettstadene nyttar truleg også informasjonskapslar som samlar data og sporer deg.

### Kva kan du gjere?

Alle nettlesarar gjer det mogleg å avgrense kva informasjonskapslane kan gjere. Dette kan du stille inn under sikkerheit og personvern i nettlesaren sine innstillingar. Nettlesaren lar deg også sjå over dei informasjonskapslane som er lagra på datamaskina, og gir deg høve til å slette dei. Dersom du ønsker å blokkere Google Analytics frå å spore deg, kan du nytte Google sitt nettlesar-tillegg: Google Analytics Opt-out Browser Add-on ([Google Analytics Opt-out Browser Add-on Download Page](#)).

### Utlånssystema

Biblioteksystemet nyttar informasjonskapslar i nett-tenestene og web-appen. Dette vert nytta for å tilpasse brukaropplevelinga, mellom anna ved å gi høve til at nettlesaren kan hugse påloggings-informasjon. Dersom lånaren ikkje godtek bruk av informasjonskapslar, kan dette skruast av i nettlesaren, men då vil det vere vesentlege funksjonar i nett-tenestene som ikkje vil verke.

Det er to typar informasjonskapslar. Den eine typen lagrar ei fil på datamaskina di. Denne fila vert normalt brukt til å hugse preferansane og innstillingane til brukaren mellom sesjonar. Den andre typen er ei temporær fil som berre vert lagra under aktiv bruk og vert sletta så fort nettlar-vindaugen vert lukka. Ingen personleg informasjon om brukaren vert lagra. Mikromarc nyttar begge typane informasjonskapslar, til å lagre språkval og å verne mot dataangrep.



## **BookBites**

BookBites er biblioteket sin App for utlån av e-bøker og e-lydbøker. Den nyttar informasjonskapslar. Føremålet er å gjere brukaropplevinga betre for deg og gje oss høve til å forbetre tenestene våre. Leverandøren kan også bruke opplysingane i samband med utvikling av nye produkt og tenester.

Døme på opplysingar som vert samla inn:

- Opplysingar om korleis du nyttar tenestene våre
- Logfiler med opplysingar om dato og tidspunkt for pålogging, og kor lenge vitjinga varte.
- IP-adresser
- Opplysingar om hendingar på eininga, til dømes nedetid, systemaktivitetar, nettlesartype, nettlesarspråk, dato og tidspunkt
- Informasjonskapslar som identifiserer din unike nettlesar eller eining.

## **Handtering av informasjonskapslar**

På Nettvett.no ([Forside - Nettvett.no](#)) kan du lese om korleis du kan handtere informasjonskapslar ([Slik administrerer du informasjonskapsler - Nettvett.no](#)), og få tips til sikrare bruk av internett ([Internett - Nettvett.no](#)).

## **Innsyn og sletting av personopplysingar**

Du kan krevje innsyn i opplysingane me lagrar om deg, og krevje at dei vert retta om du finn feil. Du kan også avslutte låneavtalen din med oss når du vil, og be om at dine personopplysingar vert sletta. Det er ein føresetnad at alle lån er leverte tilbake, og at eventuelle rekningar er gjort opp, slik at me ikkje lenger treng opplysingane for å oppfylle avtalen.

Du kan logge inn på [Mine sider] for å få oversikt over det meste av opplysingane biblioteket har om deg. Om du vil ha utvida innsyn i personopplysingane dine, eller ønsker sletting av informasjon, kan du kontakte biblioteket ditt.

Det er mogleg å sende ein offisiell klage til Datatilsynet dersom du meiner at handsaminga av personopplysingane dine strid mot personopplysingslova.